

Norsk kulturråd

Dato: 15.06.2018  
Vår ref.: 2014/14136-9  
Saksbehandlar: tonhaug  
Dykkar ref.:

## Festspillene i Bergen og Norsk kulturråd si tilskotsordning for musikkfestivaler

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, gjorde følgjande vedtak i sitt møte 19.06.2018.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til sitt vedtak i PS 19/2017, særleg pkt.2, som følgjer:

1. *Hordaland fylkeskommune er positiv til retningslinene for tilskotsordning for musikkfestivalar, og trur at ordninga vil gje høve til god utvikling på musikkfestivalfeltet.*
2. *Festspillene i Bergen er ein institusjon som er ansvarleg for den største musikk- og teaterfestivalen i Norden, og skil seg såleis klårt ut frå norske musikkfestivalar i kraft av omfang, varigheit, kunstnarleg breidde og internasjonal posisjon. Festspillene i Bergen må difor finansierast med fast driftsstøtte, fortrinnsvis over statsbudsjettet.*
3. *Hordland fylkeskommune føreset at Norsk kulturråd følgjer opp med gode rutinar for samhandling med fylkeskommunar og kommunar når det gjeld funksjonsdelingsavtaler og regional støtte.*

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil sterkt støtte fråsegna frå Festspillene i Bergen (FIB) og Festspillene i Nord –Norge (FINN), i brev datert 22.05.18 til Norsk kulturråd. Utval for kultur, idrett og regional utvikling er, lik dei to nasjonale institusjonane, bekymra for desse institusjonane si langsiktige drift om ikkje dagens tilskotsordning vert endra eller innretta i samsvar med argumentasjonen til FIB og FINN.*

Vi viser elles til tidlegare oversendt brev av 06.03.17, politisk sak 19/17 Nye retningsliner for Norsk kulturråd si festivalstøtteordning og finansiering av Festspillene i Bergen:

### **Festspillene i Bergen**

*Festspillene har sidan 1953 vore ein kulturell institusjon i Noreg. Festspillene er den største musikk- og teaterfestivalen i Norden, og skil seg klårt ut frå norske festivalar i kraft av omfang, varigheit, kunstnarleg breidde og internasjonal posisjon. Festspillene i Bergen spelar ei viktig rolle som utviklingskraft i nært samspel med institusjonar og kulturliv og går i sitt verke langt utanom sjølve festivalperioden.*

*Kulturrådet har definert Festspillene i Bergen innanfor musikkfestivalområdet, men fylkesrådmannen ser Festspillene i Bergen som ein sterk institusjon med eit program langt utover musikkfeltet, og kan såleis ikkje sjå at Festspillene i Bergen høver å passe inn under den nye festivalstøtteordninga.*

*(...)*

*Ei fast driftsstøtte er naudsynt for FiB, ikkje berre på grunn av historie og storleik, men også fordi drifta dei siste åra er ytterlegare profesjonalisert og «institusjonalisert», med effektiviseringstiltak (LEAN), offentlege anbod, profesjonalisering av sponsorarbeid, beredskapsarbeid osv.*

*Festspillene er bygd opp til det det er i dag gjennom meir enn seksti år med langsiktig grunnfinansiering frå det offentlege. Dette har lagt grunnlaget for at FiB i dag generar like mykje i eigeninntekter (billett- og sponsorinntekter), som det offentlege tilskotet.*

*I løpet av denne tida har Festspillene i Bergen også utvikla og haldt ved like eit stort nettverk av nasjonale og internasjonale samarbeidsrelasjonar. Desse relasjonane gjer det mogleg for FiB å ivareta og utbygge den nasjonale og internasjonale posisjonen som ein av dei leiande festivalane av sin art i Europa. Dette betyr vidare at FiB både kan ta på seg rolla som initiativtakar og medspelar i store, komplekse produksjonar, som berre dei tyngste festivalane et internasjonalt perspektiv kan løfte. Bak denne posisjonen nasjonalt og internasjonalt ligg ein gjennom mange år akkumulert tung kunstfagleg og administrativ kompetanse. Det er viktig for Festspillene å kunne behalde denne posisjonen, og ei meir usikker finansieringsordning kan gjere dette vanskeleg.*

*Fylkesrådmannen meiner såleis at Festspillene i Bergen ikkje bør motta si finansiering frå kulturfondet si tilskotsordning for musikkfestivalar, men bør ha si årlege finansiering som driftsstønad, fortrinnsvis direkte frå Kulturdepartementet.*

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*